

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Denne timen skal handle om kropp og seksualitet. Vi startar med å sjå ein musikkvideo på svensk. Prøv å legge merke til kva han syng om: Theoz - Het (Official Video) - YouTube
	Kva handla songen om? På bildet står mange ting han song som skildrar han typiske ting mange har kjent på når ein er forelska. (Les eventuelt nokre av setningane).
	Men kva er forelska og kva er seksualitet? La elevane snakke litt med kvarandre.
	Det vil truleg vere litt flaut eller «kleint» for elevane å oppsummere det dei har snakka om, men det er fint om du forklarar dei at ein kan vere forelska utan at det treng å ligge noko seksuelt i det. Som 12-13åringar handlar forelskinga mykje meir om det å vere nær, kanskje halde i handa, sjå på kvarandre, snakke med kvarandre, vite at ein er kvarandre sin utvalde – enn det kroppslege seksuelle. I denne alderen handlar seksualitet meir om å blir kjent med seg sjølv og eigen kropp enn noko ein no skal dele med andre. Seksualitet er også mykje meir enn det som inkluderer kjønnsorgan. Som Theoz syng, berre ei lita berøring – hudkontakt – kan vere nok seksualitet til å kjennes intenst godt i heile seg.
	Sjå gjerne ein av desse filmene om seksualitet. - Denne What Is Sexuality? - YouTube er på engelsk, så vurder om elevane forstår engelsk godt nok for å få med seg innhaldet. Du kan eventuelt trekke fram dei viktigaste punkta frå filmen etterpå. - Denne kan også vere fin å bruke i undervisninga om forplantning, og kanskje har de allereie sett den? Den har mange gode poeng, så kanskje gjer det ikkje noko å repetere den, men mange vil nok oppleve det litt kleint – så det er fint at dette er på film: NRK Super - Newton - pubertet
	4 hjørne-øving med dilemma frå Sex og politikk - Dilemma under:

«Det er mykje som endrar seg når ein nærmar seg tenåring, men det skjer ikkje samtidig for alle. Noko av det som varierer veldig er når ein startar å interessere seg for forelsking og sex og slikt. Det kan dukke opp mange dilemma i denne tida, og no skal vi gjere ei øving som handlar om slike dilemma som kan dukke opp.» Forklar til elevane at det ikkje finnast rette eller feile svar, men at poenget er at dei skal gå til det hjørnet dei er mest einig med. Det er fint om nokon vil grunngje kvifor dei valte dette hjørnet. Dette er også trening i å ta andre sine perspektiv i dilemma. Fortel kva som er hjørne 1, 2, 3 og 4.

Dilemma 1: Malik og Marie er gode venner, men no veit ikkje Malik kva han skal gjere. Dei siste par gongane han har vore saman med Marie har ho forsøkt å kysse han. Malik har ikkje lyst til det, men han har heller ikkje lyst til å sære Marie ved å sei nei. Kva kan han gjere?

1. Malik kan fortelje Marie at han ikkje vil kysse
2. Malik kan late som ingenting og håpe Marie ikkje skal prøve å kysse han
3. Malik kan la Marie få lov å kysse han
4. Andre forslag?

Dilemma 2: Kristoffer er på fest. Den han er forelska i er her også, og dei har dansa fleire gongar. Kristoffer har aldri kyssa før, men han har lyst å prøve i kveld. Men han er usikker på om den han er forelska i har lyst. Kva kan han gjere?

1. Prøve å kysse neste gong dei dansar
2. Spørje om dei skal kysse
3. Vente og sjå om den andre prøver å kysse
4. Andre forslag?

Dilemma 3: Ayse er heime hos ei venninne for å sjå på film. Venninna sin bror Rasmus kjem og ser filmen saman med dei. Ayse synes at Rasmus er veldig søt, og det verkar som Rasmus også likar henne. No set han set ned like ved sidan av Ayse i sofaen og smilar til ho. Ayse set seg tettare inntil Rasmus når filmen startar. Det verkar som om Rasmus prøvar å flytte seg bort, og Ayse blir usikker på kva ho skal gjere. Kva kan ho gjere?

1. Ho kan flytte seg nærare han igjen
2. Ho kan spørje han om han ikkje likar at ho sit så nær
3. Ho kan flytte seg til ein annan stol
4. Andre forslag?

Dilemma 4: Tanja sine foreldre er veldig urolege for kva Tanja gjer på nettet. Dei er redde for at ho skal bli utsett for noko som ikkje er bra, for eksempel at framande skriv om sex til ho. Derfor må ho fortelje foreldra sine om alt ho gjer på nettet, og ofte kjem dei inn og sjekkar sjølv. Det synes Tanja er veldig provoserande, for ho vil ikkje at dei skal vite alt ho skriv med andre om. Kva kan ho gjere?

1. Ho kan ikkje gjere noko
2. Ho kan prøve å overtale foreldra til å ikkje vere så urolege for ho
3. Ho kan bruke nettet andre stadar enn heime slik at ho får vere i fred
4. Andre forslag?

Korleis kan kroppen fortelle oss kven vi er forelska i?



Birds of A Feather - Animated Short Film

Sjå denne filmen om dei to påfuglane som ikkje fekk til å bruse med dei flotte fjæra sine før dei møtte kvarandre: [Birds Of A Feather - Animated Short Film - YouTube](#) Elevane kan godt få snakke med kvarandre etterpå om kva filmen handla om. Korleis kan kroppen vår fortelje oss kven vi er forelska i?

(Her er det vel truleg at mange vil fokusere på kjønnsorgan, men det er mange andre delar av kroppen vår som kan reagere på ulike måtar når vi er forelska!)

Jobbe vidare?

1. Denne filmen handlar om det å kjenne press på å sende nakenbilde. Dette angår dessverre mange barn og unge. Ikkje alltid til kjærastar, nokre tek også bilde av seg sjølv i bytte mot pengar. Desse unge har enno ikkje så godt utvikla konsekvenstenking. Det å ha snakka om kva som kan skje dersom ein deler eit lettkledd/avkledd bilde av seg sjølv kan difor vere til hjelp for å seie nei. Mange blir til dømes pressa til å gå lengre over grensene sine enn dei ønskjer og overgrep skjer. Minn elevane også på at det å ta, ha eller sende bilde som seksualiserer barn under 18 år er forbode og kan få konsekvensar som til dømes at mobilen blir inndratt av politiet. Det kan også føre til mykje styr, samt at det er svært vondt for den det går ut over. [NUDES! - YouTube](#)
2. Det er mange som ser porno frå ganske ung alder. Det er fint at dei unge kan vite at det ikkje er noko gale med dei om dei ser porno, men at det heller ikkje er spesielt nyttig med tanke på å lære om seksualitet mellom ungdomar. [Is It Normal To Watch Porn? - YouTube](#)
3. Dette er Livet&Sånn sin film om [Kroppen og følelser - YouTube](#) Elevane har sett den tidlegare om dei har hatt Livet&Sånn før, men kanskje er det noko som kan vere nyttig å repetere likevel?
4. Bruk [Digital verktøykasse for undervisere - Sex og politikk](#)
5. Æ E MÆ har laga timar der ein kan snakke med 7. klassingar om seksualitet: [Se og last ned undervisningsmaler | Æ E MÆ \(xn--em-0iac.no\)](#)
6. Det passer godt å kombinere dette temaet med kompetansemålet i musikk: «- undersøke hvordan kjønn, kjønnsroller og seksualitet fremstilles i musikk og dans i det offentlige rom, og skape uttrykk som utfordrer stereotypier». Elevane kan til dømes finne 2 musikkvideoar som er ulike eksempel på korleis kjønnsroller og seksualitet blir brukt i uttrykket.